


Frå Sveinung Toft til kommunestyremøte den 11 mai 2023

Interpellasjon om sal av kommunalt kantareal frå gnr. 188 bnr.444 til gnr.188 bnr 45 (adresse Klubbadalen 11).

Nedunder i vedlegget ligg kopi av brev som Olai Nepstad sende til Alver kommune i byrjinga av februar 2023. Det handlar om historikk knytt til bustadeigedom gnr. 188 bnr. 45 som han eig i lag med si søster, og at han ønskjer å kjøpa eit areal på om lag 140 m² frå kommunen sin eigedom gnr.188 bnr. 444. Dette arealet er tilstrekkeleg for at ei planlagd ny tomt sør på deira eigedom kan få ein god og lovleg avkøyrsløse inn via kommunevegen (Klubben).



Olai Nepstad fekk eit tilbod om å måtta betala krone 860 per m², då han først gjekk til Alver kommun for å kjøpa tilleggsareal. Dette meinte han var altfor høgt når arealet gjaldt eit tilleggsareal langs ein kommuneveg, sjå kartskisse nedunder.



På grunn av usemje om prisen mellom han og administrasjonen i lengre tid ba Olai Nepstad i brevet om at saka om kjøp skulle behandlast av formannskapet, for å kunna kjøpa tilleggsarealet på ca 140 m² ein fornuftig pris. Dette er enno ikkje vorte lagt fram til formannskapet som noko sak.

Interpellanten ber difor om at kommunestyret no finn ei rask og effektiv løysing i denne saka, og inviterer kommunestyret til å gjera følgjande vedtak for å avslutta saka om sal av tilleggsareal frå kommunen sin eigedom til gnr.140 bnr. 45.

Framlegg til vedtak:

- 1. Alver kommune sel 140 m² frå eigedomen gnr.140 bnr.444 som tilleggsareal til gnr.140 bnr 45 for ein sum på krone 200 per m², til saman krone 28.000,-**
- 2. Alver kommune gjer hermed vedtak om delingsløyve av tilleggsarealet på vilkår om samanføyning til gnr.140 bnr. 45 i medhald av plan- og bygningslova sin § 20-1 punkt m.**
- 3. Alver kommune rekvirerer oppmålingsforretning for arealet, så snart delingsløyvet er gjeve, og får dette samanføyd til eigedomen gnr. 140 bnr.45, så snart kjøpesummen inkludert tillegg for delingsgebyr og oppmålingsgebyr er fakturert Olai Nepstad, og han har betalt dette beløpet inn på Alver kommune sin konto.**

Dersom punkt 2 må vedtakast administrativt får kommunedirektøren instruks om å gjennomføre dette snarast.

Vedlegg;

Avsendar:

Olai Nepstad
Guttorm Jarls Vei 9
3221 Sandefjord

Mottakarar:

Alver kommune v/ Sara Sekkingstad
Alver kommune v/ Ørjan Raknes Forthun


Gjeld kjøp av tilleggsareal frå gnr 188 bnr 444 , som Alver kommune eig

Eg ber om å få inngått kjøpsavtale med Alver kommune av areal på gnr 188 bnr 444, og at prisen på dette arealet vert fornuftig. Eg viser til at tidlegare har Alver kommune v/ administrasjonen, tilbode med å kjøpa areal på denne staden til ein pris av krone 860 per m2. Ein så høg pris meiner eg er alt for høg, sidan dette arealet ligg som eit inneklemt kantareal mellom vår eigedom gnr.188 bnr 45 (Klubbadalen 11), og kommunevegen som går forbi og bort til Klubben 9 og 31.


Arealet skal leggjast til min (vår) eigedom gnr. 188 bnr 45 i Klubbadalen 11. Omsøkt areal treng me å eiga, fordi me ønskjer å få til ein ny avkøyrsløp inn på kommunevegen (Klubben), frå ei planlagt ny bustadtomt søraust på gnr 188 bnr 45. Ny avkøyring ned på hovudvegen til ferjekaien får me ikkje lov til å etablere frå denne planlagde bustadtomta, sjå vedlagde skisse med to bustader som viser kva me planlegg.

Den gongen far min (Olav Nepstad) selde tilleggsareal til Statens Vegvesen, (for at det skulle bli plass til bua til ferjebillettørane nede på fylkesvegen!) selde me tilleggsareal til krone 20 per m2 frå hagen vår Det var i 1977. Denne gangen er det me som ønskjer å kjøpe tilleggsareal, som ingen andre vil ha nytte av, og som sagt ovanfor ligg som ei smal stripe mellom vår eigedom og kommunevegen. Ein pris over 200 kr/ m2 er etter mi meining for høg for dette arealet...


Eg meiner det og må vektleggjast at alle kart har vist at denne stripa høyrde til vår eigedom, sjå nedunder klipp frå Nordhordlandskart, og at me difor har kjent og følt eigarskap til dette arealet i lang tid.



Nedunder ser de ei skisse som viser korleis me ser for oss korleis tomte kan utnyttast i framtida, og kvifor me treng eiga dette arealet, sidan avkøyrslane må gå denne vegen på sør via Klubben.



Nedunder ser det kartet som viser arealet eg ønskjer å kjøpe. Det er på ca 140 m², og er tilstrekkeleg for at den planlagde tomte i sør kan få ein god og lovleg avkøyrslane inn på kommunevegen (Klubben).



Eg ber om at saka om kjøp vert behandla av formannskapet, og at eg får kjøpt det grønne arealet på ca 140 m2 , vist ovanfor til ein fornuftig pris 😊

Sandefjord, 27.01.2023

Venleg helsing

Olai Nepstad